

Kvalitetssikring av studentutveksling Studentrefleksjonar i praksis under utvekslingsopphald i Zambia

Av Forfattar Hilde Søreide, Danuta Zablotna og Aud Berit Fossøy



© Hilde Søreide, Danuta Zablotna og Aud Berit Fossøy

Fakultet for helse- og sosialvitenskap
Institutt for helse- og omsorgsvitenskap

Høgskulen på Vestlandet
2021

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 2021-20

ISSN 2535-8103

ISBN 978-82-93677-68-0



Utgjeingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Samandrag

Studentutveksling i eit anna land med ein annan kultur vil truleg bidra til at studentar utviklar ein kompetanse som gjer studentane i stand til å anbefale og samarbeide med menneske frå ein annan kultur.

Det tar tid å utvikle kulturell kompetanse, og det er ulike hindringar som gjer dette utfordrande, for eksempel språkkunnskapar. Rolla som student, samt lengda og innhaldet i utvekslingsprogrammet, er faktorar som verker inn på læringa.

Målgruppa for denne rapporten er studentar og lærarar ved bachelor i sjukepleie, campus Førde, som har utvekslingsopphald i 6. semester i Zambia ved Livingstone General Hospital.

EMNEORD: Kultur, Zambia, Bachelor i Sjukepleie, Utvekslingspraksis

Forord

Takk til HVL, campus Førde, som har innvilga samarbeidsmidlar til prosjektet. Det hadde ikkje vore mogeleg å gjennomføre prosjektet utan samarbeidsmidlar. Takk til samarbeidspartnarar i Zambia ved Livingstone General Hospital og Livingstone School of Nursing and Midwifery. Utan den gjestfriheita og omsuta som er vist våre studentar på utvekslingsopphald i Zambia, hadde det vore utfordrande både for studentane på utveksling og lærarane til studentane. Takk til Ole Tormod Kleiven som har kvalitetssikra rapporten.

Innhald

| | |
|--|----|
| Innleiing..... | 1 |
| Samarbeidande institusjonar | 2 |
| Livingstone School of Nursing and Midwifery..... | 2 |
| Livingstone General Hospital | 2 |
| Høgskulen på Vestlandet | 3 |
| Formålet med prosjektet | 4 |
| Finansiering | 6 |
| Samarbeid | 6 |
| Etiske vurderingar | 6 |
| Oppfølging av studentar | 7 |
| Drøfting..... | 9 |
| Avslutning..... | 14 |
| Litteratur..... | 15 |

Vedlegg

Vedlegg: 1

Innleiing

Verda blir mindre på grunn av meir mobilitet blant menneske, av ulike grunnar. Dette fører til at kulturell kompetanse og kulturell bevisstheit er meir enn nokon gang viktige ferdigheiter i sjukepleieyrket (Cowan & Norman, 2006). Tidlegare studiar viser at sjukepleiestudentar manglar den kulturelle kunnskapen som er nødvendig for å møte krava frå samfunnet fullt ut, som sannsynlegvis vil bli presentert av eit meir fleirkulturelt samfunn, dvs. kulturell kompetanse (Gebru, 1997; Momeni et al., 2008).

Regjeringa kom med ei pressemelding 02.03.2021 (Regjeringa (2021)) der det kjem fram at regjeringa har som mål at fleire studentar skal ta heile eller delar av utdanninga si i utlandet. Regjeringa vil bruke ca. 27 millionar kroner på å gjere det lettare å reise på utveksling, spesielt innanfor helse- og sosialutdanningar. Samarbeidsprosjekt mellom Livingstone School of Nursing and Midwifery, Livingstone General Hospital og Høgskulen på Vestlandet (HVL), er eit prosjekt som svarar på regjeringa sine mål.

Dette samarbeidsprosjektet har blitt finansiert av samarbeidsmidlar frå HVL. Prosjektet gjekk over 1 år (2019-2020) og praksisen vart gjennomført mars 2020. Samarbeidsmidlane vart tildelt år 2018-2019 og overført i samråd med Høgskulen på Vestlandet (HVL) til 2019-2020 grunna ingen utreisande studentar på utveksling til Zambia studieåret 2018-2019. Rapporten presenterer resultat frå Workshop, der det vart gjennomført erfaringsutveksling kring studentane sine refleksjonar frå praksis. Erfaringsutvekslinga var mellom studentane frå HVL, lærarar frå Livingstone School of Nursing and Midwifery og representantar frå HVL. Refleksjonane til studentane vart diskutert og levert skriftelege 10.mars 2020 til lærarane som representerte HVL. Refleksjonane vart delt skrifteleg med lærarane ved Livingstone School of Nursing and Midwifery 11.mars 2020. Workshopen vart gjennomført 12.mars 2020 ved Maramba River Lodge. Deltakarene var fem lærarar frå Livingstone School of Nursing and Midwifery, sju sjukepleiestudentar frå HVL campus Førde og tre lærarar frå HVL campus Førde. Rapporten er og basert på kva forventningar studentane hadde til Zambisk kultur før reisa og etter heimkomst.

Samarbeidande institusjonar

Livingstone School of Nursing and Midwifery

Skulen utdannar til sjukepleie på såkalla diplomnivå. Det betyr eit nivå mellom vidaregåande skule og bachelorutdanning. Utdanninga er tre-årig og inneheld både teori, øving på sjukepleiesenter og praksis på sjukehus og ved andre institusjonar. Studentane bur på internat på skulen sitt område.

Livingstone General Hospital

Livingstone sjukehus fungerer som eit referansepunkt for alle sjukehusa i regionen. Sjukehuset skal dekke ca. 800 000 menneske. Det er eit sekundæromsorgssjukehus med ein HIV- avdeling og eit nyleg forbetra nyrebehandlingsområde. Likevel er det underbemanna og ein manglar ofte grunnleggande medisinsk utstyr.

Byen Livingstone er oppkalla etter den skotske misjonæren og utforskaren David Livingstone, og ligger i den sørlege provinsen Zambia, nær grensa til Zimbabwe. Det er eit turistområde på grunn av den berømte Victoria Falls.

Livingstone Central Hospital er et sjukehus på nivå tre, det betyr at det er det viktigaste offentlege sjukehuset i den sørlege provinsen.

Sjukehuset fungerer som eit undervisningssjukehus for Mulungushi University School of Medicine, Cavendish University School of Medicine og ulike sjukepleieskular. Livingstone Schools of Nursing ligg på området til Livingstone Central Hospital. Sjukehuset har og studentar frå utlandet, deriblant frå Norge og Høgskulen på Vestlandet campus Førde.

Sjukehuset har 325 sengeplassar og tilbyr tenester innan indremedisin, pediatri, kirurgi, fødselshjelp og gynekologi. Dei tilbyr HIV- behandlingstenester for både vaksne og barn. Sjukehuset har også dialyse avdeling, nyfødt avdeling og radiografi- og laboratorietenester.

Livingstone Central Hospital er en kombinasjon av Livingstone General Hospital og Batoka Hospital, som fungerer som ett sjukehus. Sjukehuset har stor bygningsmasse over eit stort areal.

Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) er ein av dei største utdanningsinstitusjonane i landet, med om lag 17 000 studentar. Kvart år uteksaminerer HVL 4500 kandidatar som er med på å løyse viktige samfunnsoppgåver.

HVL har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialvitskap, ingeniør- og maritime utdanningar, lærar-, kultur- og idrettsfag, natur- og samfunnsvitskap, og økonomi og leiing.

Vi har fem campus på Vestlandet: Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund.

Sjukepleieutdanninga ved campus Førde vart etablert i Førde i 1979 med namnet Sjukepleieskulen i Sogn og Fjordane. Skulen fekk namnet Sogn og Fjordane sjukepleiehøgskule i 1983, og blei ein statleg høgskole i 1986. Skulen vart i 1994 fusjonert inn i Høgskulen i Sogn og Fjordane.

I 2017 vart Høgskulen i Sogn og Fjordane fusjonert saman med Høgskulen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund til Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Sjukepleieutdanninga ved campus Førde uteksaminerer ca. 150 sjukepleiestudentar kvart år. Sjukepleieutdanninga ved campus Førde har to opptak kvart år (haust og vår).

Formålet med prosjektet

Målet med å arrangere Workshop og innhenting av refleksjonar var å vidareutvikle eit tettare oppfølgingsprogram for studentar frå campus Førde som reiser på utvekslingsopphald i Zambia. Det er viktig å få ein struktur og eit omfang på utvekslingsopphaldet som er handterleg for lærarar ved skulen i Livingstone, og for lærarar som har oppfølging av studentar frå campus Førde. Ein må utvikle lærarkompetanse i forhold til korleis ein forbereder studentar på kvardagen/opplevinga som møter dei på utveksling i Zambia. Workshop kan forbetre studentane sin kulturelle kompetanse, som igjen kan føre til betre forståing og interaksjon mellom ulike studentar (Wilson et al., 2010). Kulturell kompetanse må prioriterast i sjukepleiarutdanninga. Som sjukepleiar må ein kunne kommunisere med brukarar frå globale perspektiv, og er etisk forplikta til å gi omsorg som er i samsvar med brukarens skikkar, tru og verdier (Brathwaite, 2005).

Resultatet av erfaringsutvekslinga vil ein nytte til å planlegge vidare oppfølging av studentar i Livingstone, Zambia, og kvalitetssikre oppfølginga av studentar som skal ha praksisutveksling ved Livingstone General Hospital. Vi ønsker at studentane skal få ein djupare kulturforståing og innsikt i korleis den Zambiske befolkninga lev. Studentane bør og vere meir forberedt på korleis sjukepleiarane sin kvardag og rolle er i det Zambiske helsesystemet.

Studentutveksling er ein del av internasjonaliseringa til HVL. Dette skal bidra til å heve kvaliteten i høgare utdanning og fremje interkulturell kompetanse. Stortingsmelding 16. «*Kultur for kvalitet i høgere utdanning*» (Meld. St. 16 (2016–2017)) vektlegg at Norske universitet og høgskular skal utdanne kandidatar som er aktive, attraktive og ansvarlege deltakarar i det internasjonale samfunnet. Studentutveksling bidreg til personleg og fagleg utvikling for den enkelte student. Ved utveksling til utviklingsland, finn ein og solidaritetsengasjement(Meld. St. 16 (2016–2017)).

For at studentane skal få størst mogeleg utbytte av utvekslingsperioden, er det avgjerande at studentane får kjennskap til og blir ein del av ein fagleg diskurs i fagmiljøet ved praksisplassen. I følgje kontrakten mellom HVL og Livingstone

School of Nursing and Midwifery skal studentane frå HVL ta del i det akademiske fagmiljøet ved praksisplassen.

Studentane som vel å reise på utveksling til Zambia har undervisning og samtalar kring den Zambiske kulturen og levemåten før utreise. Det er og undervisning/refleksjon om korleis sjukepleiarane sin kvardag og rolle er i det Zambiske helsesystemet.

Ein viktig del av utvekslinga til Zambia er den uformelle kontakten studentane våre har med zambiske sjukepleiarar som har vore på studieopphald i Norge. Denne kontakten er svært verdifull for dei utreisande studentane. Studentane opplever at det er lågare terskel for å kunne ta opp spørsmål og hendingar med sjukepleiarar som kjenner både zambisk og norsk kultur og helsevesen. Når dei får spørje om ting dei ikkje heilt forstår eller undrar seg over, og får ein forklaring, så gjev handlingane dei observerer meining (Hovland & Johannessen, 2019). Studentane har behov for å reflektere over situasjonar dei observerer som er veldig ulikt det dei er vande med heime. Ved refleksjon utviklar dei ein større kulturforståing (Hovland & Johannessen, 2019). Ein ny struktur for dette arbeidet vil være ein viktig del av bebreidinga av dei til dels sterke inntrykka studentane får oppleve gjennom praksisperioden.

Ved HVL oppfordrar vi våre studentar til utreise. Ved bachelor i sjukepleie, campus Førde, er det lagt til rette for utreise til Zambia i 6. semester. Dei som ønskjer kan søke på praksisopphald i Norden også i 4. og 5. semester.

Samarbeid mellom HVL og Livingstone School of Nursing and Midwifery vart etablert i 2006. 150 studentar frå campus Førde har gjennomført sin siste praksisperiode i 6. semester i Livingstone, Zambia. I same periode har det kome 30 sjukepleiarar via kvoteprogrammet til HVL, campus Førde. Studentane frå campus Førde nyt godt av dette årelange samarbeidet, ved at tidlegare kvotestudentar i dag har ei uformell rolle i oppfølging av våre studentar i Livingstone. Ein del av dei tidlegare kvotestudentane har i dag lærarstillingar ved Livingstone School of Nursing and Midwifery.

Finansiering

Prosjektet vart tildelt 60 00 kr til førebuing, gjennomføring og utarbeiding av rapport av samarbeidsmidlar frå HVL. Midlane vart tildelt til studieåret 2018-2019. Samarbeidsmidlane vart overført til studieår 2019-2020 på grunn av at det ikkje vart studentutveksling til Livingstone, Zambia i studieåret 2018-2019.

Samarbeid

Prosjektet vart gjennomført i samarbeid mellom Livingstone School of Nursing and Midwifery, Livingstone General Hospital og Høgskulen på Vestlandet (HVL). HVL dekkja workshop gjennom samarbeidsmidlane, transport til og frå Maramba River Lodge, middag etter erfaringsutvekslinga mellom studentar og lærarar frå Livingstone School of Nursing and Midwifery.

Studentane deltok aktivt med å fortelje om sine problemstillingar på bacheloroppgåve, og gjekk i ulike grupper for å diskutere refleksjonar/opplevingar og tema på bacheloroppgåva med lærarane frå Livingstone School of Nursing and Midwifery. Studentane leverte eit skrifteleg utkast til lærarane frå HVL etter gjennomført workshop, og hadde dermed ei planlagt rolle i oppsummering og formidling i etterkant.

Etiske vurderingar

Prosjektet involverte ikkje pasientar. Sjukepleiepraksis i den tredje verden har i seg sjølv ein del etiske utfordringar og dette var bakgrunnen for at ein ønskte tettare oppfølging av studentar i Zambia. Prosjektet har vore bygd på grunntanken i emneplanen for utvekslingsstudiet (vedlegg 1). Respekt, toleranse og ein open og søkande innstilling er eit viktig fundament. Denne innstillinga (kulturrelativisme) må ikkje gå over i ei nihilistisk forståing, der alt er like bra og respektabelt. Sjukepleie, både i Norge og i Zambia, bygger på dei same internasjonale etiske prinsippa, slik dei er formulert i INC's etiske regler for sykepleie (Sykepleierforbund, 2011). Prosjektet er meldt inn til NSD (Norsk senter for forskningsdata) referanse nr 41 69 79.

Oppfølging av studentar

Studentar som deltek i utvekslingsprogrammet har ein eigen studieplan: Utveksling SK 198 (vedlegg 1). Denne planen legg vekt på både sjukepleiekompetanse, kulturforståing og innsikt i helseutfordringar i Zambia. Emneplanen bygger på ei kultursensitiv tilnærming. Dette betyr «Å vise forståelse for andres verdier og unikhet – og å ivareta disse... » (Qureshi, 2009). Kultursensitiv kommunikasjon stiller krav til alle involverte partar, dette gjeld og våre studentar. Dette inneber gjensidig deltaking i ein prosess som krev at ein er open, at ein føler, ser og lyttar etter likskapar i det som er ulikt, og der dei vurderer, revurderer, lærer og handlar (Magelssen, 2008).

Studentane frå campus Førde vart følgt opp via e-post/sosiale medier av praksislærer/internasjonalt koordinatør i Førde. I Livingstone vart studentane følgt opp av ein lærar frå Livingstone School of Nursing and Midwifery. Denne oppfølginga bestod av hjelp til å skaffe naudsynte dokument ved innkomst til Zambia. Kontaktlæraren i Zambia vart lønna av skulepengar betalt av studentane.

Studentane som reiste på utveksling, har delteke i emne Utveksling SK198. Her fekk dei undervisning av lærarar ved campus Førde. I tillegg fekk studentane tildelt kontaktlærar og rettleiar på bacheloroppgåvene før dei reiste på utveksling.

Studentane som reiste på utveksling i prosjekt-perioden var ein viktig samarbeidspart i prosjektet for å kunne utvikle oppfølginga og fange opp behov som studentar har før, under og etter praksisperioden i Zambia. I tillegg til den ordinære oppfølginga studentane får ved utveksling, ønskjer vi å lage ein struktur for refleksjon og rettleiing.

Studentane som er på utveksling skriv bacheloroppgåver rundt tema knytt til utveksling. Problemstillingane studentane jobbar utifrå krev ei viss kulturell innsikt. Dette var eit av tema ved workshop, der studentar og zambiske lærarar diskuterte kvar enkelt problemstilling.

Studentopplevingane i praksis var bakgrunnen for refleksjonen som studentane skreiv ned og reflekterte kring. Studenten førebudde seg før workshop med spørsmål kring opplevinga i praksis, som blei sendt til lærarar frå HVL og Livingstone School of Nursing and Midwifery før møtet. Workshop-møtet blei organisert over to timar, ved Maramba River Lodge. I etterkant av workshop har nokon av studentane skrive eit tilleggsnotat der utbyttet av møtet blei skildra.

I forkant av utvekslingsopphaldet våren 2020, møtte lærarane ved HVL studentane og informerte om prosjektet. Studentane var informert om workshop før dei reiste på utveksling. Samarbeidande institusjon fekk informasjon om innhald, gjennomføring og invitasjon to dagar før workshop vart gjennomført. Studentane vart og inviterte til å svare på spørsmål om korleis dei såg føre seg at kulturen i Zambia var, og dei same spørsmåla svarte dei på etter opphaldet i Zambia. Studentane skreiv under på samtykke-skjema med informasjon om prosjektet. Etter utvekslingsopphaldet ville vi møte studentane og samle deira erfaringar, i tillegg til å vere i kontakt med samarbeidande institusjon. Vi fekk ikkje møte studentane etter utvekslinga på grunn av covid-19, difor vart erfaringane utveksla over e-post.

Drøfting

For å lette internasjonalisering og auke den kulturell bevisstheita til studentane har HVL ein rekke utvekslingsprogram tilgjengeleg for studentane. Ein strategi som ser ut til å vere fordelaktig for å utvikle kulturkompetente sjukepleiarar er å gje moglegheiter til å studere i utlandet som ein del av studietida (Kokko, 2011). Greatrex-White (2007) viser til at studiar i utlandet fortentar meir merksemd i opplæringa av sjukepleiarar. Utviklinga går mot eit meir globalt samfunn, og ein global økonomi som vil krevje at framtidens arbeidskraft har ein breiare erfaring og forståing av forskjellige kulturar. Enskär et al. (2011) og Reid-Searl et al. (2011) har framheva at vår kunnskap på dette området i dag, og dermed studentars erfaring med internasjonal utveksling og resultata av slike program, er relativt begrensa. Ved utvikling av ei sjukepleieutdanning som skal auke sjukepleiarane sin kulturelle kompetanse, vil det være viktig å ta med studentane sine synspunkt.

Green et al. (2008) og Reid-Searl et al. (2011) understrekar kor viktig det er med informasjon og grundig førebuing av studentane før avreise. For å forberede studentane ved campus Førde til opphaldet i Zambia vart det gjennomført møter og informasjonsundervisning før studentane reiste. Jo nærare ein kom avreise, jo meir stressa og usikre vart nokon av studentane.

Studentane frå campus Førde kom til Zambia 14 dagar før lærarane, og dei var veldig oppjaga når lærarane kom til landet. Dei hadde mange utfordringar i forhold til bustad og praksisopplevingar. Det verka veldig kaotisk med det same lærarane møtte studentane i bustaden deira. Lærarane hadde først samtale med alle studentane samla. Etter denne samtalen kom vi lærarane fram til at det kunne vere godt å dele studentane i tre grupper, der vi lærarane tok kvar si gruppe med ut på middag. Det skapte rom for ein meir roleg samtale. Ved utflukt til Victoria Falls prøvde lærarane å få til ein uformell samtale om opphaldet så langt, med kvar enkelt student. Det verka som studentgruppa roa seg etter kvart som dei fekk snakke med lærarane om sin uro og opplevingar. Lærarane opplevde at det var større effekt å dele studentane i mindre grupper, og ha samtale ein-til-ein kring opplevingar i Zambia.

Ein av utfordringane studentane hadde når lærarane kom til Zambia var bustad. Bustaden innfridde ikkje til studentane sine krav til bustad. Det gjekk blant anna på at dei måtte dele soverom og at det var eitt toalett/bad delt på sju stykk. Studentane hadde alt flytta ein gong, og ville no flytte til ein tredje plass. Dette skapte mykje uro i studentgruppa. Det var litt urolegheiter blant befolkninga med opptøyar utanfor byen som studentane fekk høyre om frå ulike personar, og dette forsterka uroa til studentane. Då lærarane kom til Zambia hadde studentane alt vore i praksis ved Livingstone General Hospital i ti dagar. Studentane hadde alt opplevd mange sterke inntrykk som var veldig fjernt frå deira kvardag som sjukepleiestudent i Norge. Studentane hadde eit stort behov for å snakke med lærarane om kva dei hadde opplevd, og spurde om kvifor ting vart handtert som det vart i praksis. For to av lærarane var det første gang dei var i Zambia, så det var utfordrande å svare studentane på opplevingar frå praksis når ein ikkje hadde vore på praksisplassen og observert sjølve. Sjukepleielærarane gjekk med studentane i praksis under opphaldet i Zambia, og det vart betre å rettleie studentane etter å ha fylgt dei i praksis. Studentane gledde seg veldig til lærarane skulle komme på praksisplassen og sjå korleis tilhøva var. Det var som om studentane trengde nokon dei kunne vise sine opplevingar til, for å få bekrefta at det var veldig ulikt helsevesenet i Norge. Det vart reflekterte mykje i lag om kvifor sjukepleiarane i Zambia handterte oppgåvene sine slik som dei gjorde. Etter kvart endra refleksjonane til studentane seg, dei hadde meir fokus på kor bra sjukepleiarane handterte ulike situasjonar med dei reiskapane dei hadde. Smit og Tremethick (2013), meiner at gjennom ulike tilnærmingar og sjukepleieperspektiv, får studentane forståing for utfordringane andre står ovanfor og verdset deira læringserfaringar. Erfaringa som sjukepleielærarane hadde frå mange år i sjukepleieyrket i Norge gjorde nok til at opplevingane i praksis ved Livingstone General Hospital ikkje var så skremmande som det var for studentane. Studentane såg og opplevde at vi som sjukepleiarar tok opplevingane med ro og reflekterte kring det vi såg. Det verkar som det smitta over på studentane og dei vart rolegare og meir positive til praksis. Studiar viser at sjukepleiestudentar som har deltatt i eit utvekslingsprogram viser ein betre forståing av kulturelle forskjellar, og veks både på eit profesjonelt og personleg plan (Button et al., 2005). Studien av Green et al. (2008) fann også ut at

studentane skaffa seg ein betre forståing av kulturelle forskjellar. Tabi og Mukherjee (2003) meiner at dei positive effektane av eit studentutvekslingsprogram for sjukepleiestudentar ser ut til å strekke seg langt utover den tida dei tilbringar i utlandet.

Moglegheita til å studere i utlandet utvidar horisontar ettersom den fremmar kunnskap om eit mangfald av verdiar, oppfatningar og praksis i ein persons utdanning. Andre studiar bekreftar at studentar som studerer i utlandet viser ein større endring i deira interkulturelle kommunikasjonsevner enn studentar som tar all studietida på campus (Johns & Thompson, 2010; Williams, 2005).

Studentane viste oss rundt på området til Livingstone Hospital. Dei viste oss HIV- posten, sengepostar og tuberkuloserom, avdelingar som ikkje eksisterer i nokon stor grad i Norge. Studentane vart etterkvart beundringsverdig rolege og forklarte korleis Livingstone Hospital handterte desse sjukdomane som er ein veldig liten del av helsevesenet i Norge. Bohman og Borglin (2014) såg i sin studie at studentar fekk eit meir avslappa forhold til sjukdommar som ein er meir «redde» for i Norden. Studentane får erfart at ein kan ha eit liv med sjukdomar ein fryktar i Norge. I studien til Hovland og Johannessen (2019) kom det fram at studentane vektla viktigheita med ein open haldning og å tørre å gå utanfor komfortsona for å utvikle ein kulturell kompetanse. Studentane fekk oppleve at det å ha HIV-Aids i Zambia var eit stor «stigma» og at det var ein stor del av befolkninga som benekta sjukdomen, og i verste fall tok sit eige liv i staden for å søke hjelp. Behandling av HIV og Aids er gratis i Zambia, så det var vanskeleg for studentane å sjå og høyre at nokon ikkje torde ta imot behandling på grunn av «stigma» til sjukdommen. Studentane fekk erfart at befolkninga stolte på informasjon som kom frå helsemyndigheitene, men at informasjonen ikkje alltid var rett. Det at informasjonen som myndigheitene formidla ikkje var rett, syns studentane var rart. For eksempel fortalte ei jordmor ved sjukehuset til ein student at presidenten i Sør-Afrika hadde informert om at ved å ha sex med ei som er jomfru, så kunne ein bli kvitt diagnosen HIV. Opplevingar som dette førte til at studentane blei frustrert. Det er opplevingar som viser kor viktig det er at studentane har nokon å snakke med. Studentane treng forklaringar på opplevingar som dei synest er vanskeleg å akseptere, og samtaler kring

vanskelege tema bidreg til utvikling av den kulturelle kompetanse (Hovland & Johannessen, 2019). Studentane ønskjer å få oppleve eit anna land og ein annan kultur ved utveksling. Dei får oppleve landet på ein annan måte enn som turist (Bohman & Borglin, 2014). Studentane kjem tett på kulturen. Ein student fortalde om si første natt i Zambia der ho blei vekt om natta av lyn- og torevêr så kraftig at ho ikkje har opplevd noko liknande. Uveret kunne ikkje samanliknast med norske tilstandar og studenten vart livredd. Studentane hadde blitt fortalt av lokalbefolkninga at folk somme tider døydde av at dei vart treft av lynet. Dette rekna studenten med hadde med kva informasjon ein fekk om kva ein ikkje bør gjere under lyn og tore, men òg fordi lokalbefolkninga bur slik dei gjer, utan jording, ly osv. Studenten snakka om været med hushjelpa dagen etter og vart fortalt at studentane ikkje måtte bekymre seg, været var ikkje farleg for studentane då dei ikkje hadde gjort noko gale. Hushjelpa fortalde at folk som vart treft av lynet hadde gjort forferdelege ting. Dei hadde vorte «merka» av heksedokterar fordi andre (t.d. ein fiende, nabo, ven osv.) hadde gått til heksedoktoren og fortalt kva dei hadde gjort, som eit slags «voodoo-opplegg». Dette er verkelegheita i Zambia, ikkje alle har denne trua, men alle har respekt for heksedokterane. Dei har ei tru om at ein kan gå til ein «heksedoktor» for å få oppfylt ynskjer, men dokterane vil krevje betaling for at ynskje skal oppfyllest. Studentar som er på utveksling treng nokon dei kan spørje om ting dei ikkje heilt forstår eller undrar seg over. Når dei får ein forklaring, så gjev handlingane dei opplever meining (Hovland & Johannessen, 2019). Studentane har behov for å ha nokon å reflektere med over situasjonar dei observerer som er veldig ulikt det dei er vande med heime. Refleksjon fører til at studentane utvikle ein større kulturforståing (Hovland & Johannessen, 2019).

For at studentane på utveksling skulle få stille spørsmål om kring sine opplevingar frå praksis og få innspel til sine bacheloroppgåver, hadde lærarane frå campus Førde planlagt ein workshop. Det vart organisert ein kveld med workshop med lærarar frå Livingstone School of Nursing and Midwifery og studentane frå campus Førde på Maramba River Lodge. Studentane hadde på førehand levert inn problemstillinga til bacheloroppgåvene og refleksjon/spørsmål om opplevingar frå praksis på førehand. Dette vart delt med lærarane frå Livingstone School of Nursing and Midwifery. Lærarane frå campus

Førde var på førehand av workshopen på Livingstone School of Nursing and Midwifery å informerte og inviterte lærarane til workshop.

Workshop starta først med ein introduksjon om prosjektet, så vart studentane sett i kvar si gruppe med to lærarar frå Livingstone School of Nursing and Midwifery. Gruppene vart fordelt slik for at studentane skulle få drøfte sine problemstillingar til bacheloroppgåva og reflektere over sine opplevingar frå praksis som dei undra seg over med lærarane frå Livingstone School of Nursing and Midwifery. Det vart diskutert og reflektert godt i alle gruppene. Studentane synest dei fekk svar på nokre av sine spørsmål, og dei fekk gode innspel til sine bacheloroppgåver. Etter tre kvarters diskusjon, var alle invitert til ei sosial samling med mat. Det vart heldt taler av enkelte av lærarane frå Livingstone School of Nursing and Midwifery, der det tydeleg kom fram kor stor pris dei sette på å ha studentar frå HVL i Zambia. Under middagen vart lærarane frå campus Førde kontakta av fagseksjonsleiar, og kalla heim snarast saman med studentane på grunn av Covid pandemien. Dette vart formidla under middagen, og det vart eit sjokk for både studentane og lærarane frå Livingstone School of Nursing and Midwifery. Det vart tydeleg formidla med følelsar kor mykje studentane betyr for dei zambiske lærarane. Studentane var overraska over reaksjonen som kom frå dei zambiske lærarane når studentane vart kalla heim. Studentane var forundra, for dei hadde følt at det ikkje var så nøye med dei under opphaldet. Dette fortel litt om kor forskjellige kultur vi har, og kor viktig kulturellkompetanse er for å forhindre misforståingar.

Avslutning

Uttevkslingsoppholdet vil vi tru har bidrege til at studentane har utvikla ein kompetanse som gjer studentane i stand til å anbefale og samarbeide med menneske frå ein annan kultur som dei møter i dei kliniske situasjonane.

Uttevkslingsperioden til studentane vart avbrote av Covid-19. Dette førte til at studentane ikkje fekk det utbyttet av praksisen som vi ønska. Det tar tid å utvikle kulturell kompetanse, og det er ulike hindringar som gjer dette utfordrande, for eksempel språkkunnskapar. I rolla som student, samt lengda og innhaldet i uttevkslingsprogrammet, er faktorar som verker inn på læringa. Det er difor behov for meir forskning som har fokus på korleis eit undervisningsopplegg kan bidrar til å styrke studentanes sin kulturelle kompetanse (Hovland & Johannessen, 2019).

Litteratur

- Bohman, D. M. & Borglin, G. (2014). Student exchange for nursing students: Does it raise cultural awareness? A descriptive, qualitative study. *Nurse Educ Pract*, 14(3), 259-264. <https://doi.org/10.1016/j.nepr.2013.11.006>
- Brathwaite, A. E. C. (2005). Evaluation of a Cultural Competence Course. *J Transcult Nurs*, 16(4), 361-369. <https://doi.org/10.1177/1043659605278941>
- Button, L., Green, B., Tengnah, C., Johansson, I. & Baker, C. (2005). The impact of international placements on nurses' personal and professional lives: literature review. *Journal of Advanced Nursing*, 50(3), 315-324.
- Cowan, D. T. & Norman, I. (2006). Cultural competence in nursing: new meanings. *Journal of Transcultural Nursing*, 17(1), 82-88.
- Enskär, K., Johansson, I., Ljusegren, G. & Widäng, I. (2011). Lecturers' experiences of participating in an international exchange. *Nurse education today*, 31(6), 541-546.
- Geburu, K. (1997). Culture congruent nursing care in nursing education. *Lund University, Sweden (in Swedish). Licentiate degree dissertation.*
- Greatrex-White, S. (2007). A way of seeing study abroad: narratives from nurse education. *Learning in Health and Social Care*, 6(3), 134-144.
- Green, B. F., Johansson, I., Rosser, M., Tengnah, C. & Segrott, J. (2008). Studying abroad: A multiple case study of nursing students' international experiences. *Nurse education today*, 28(8), 981-992.
- Hovland, O. J. & Johannessen, B. (2019). Nursing students develop cultural competence during student exchanges in Tanzania. *Norwegian Journal of Clinical Nursing/Sykepleien Forskning*, 1-17.
- Johns, A. & Thompson, C. W. (2010). Developing cultural sensitivity through study abroad. *Home Health Care Management & Practice*, 22(5), 344-348.
- Kokko, R. (2011). Future nurses' cultural competencies: what are their learning experiences during exchange and studies abroad? A systematic literature review. *Journal of Nursing Management*, 19(5), 673-682.
- Magelssen, R. (2008). *Kultursensitivitet : om å finne likhetene i forskjellene* (2. utg. utg.). Akribe.
- Meld. St. 16 (2016–2017). *Kultur for kvalitet i høyere utdanning*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-16-20162017/id2536007/>
- Momeni, P., Jirwe, M. & Emami, A. (2008). Enabling nursing students to become culturally competent—a documentary analysis of curricula in all Swedish nursing programs. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*, 22(4), 499-506.
- Qureshi, N. A. (2009). Kultursensitivitet i profesjonell yrkesutøvelse. I (s. 206-230). Gyldendal akademisk.
- Regjeringa (2021). *Regjeringa vil gjere det enklare å dra på utveksling for studentar i profesjonsutdanningane*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumentarkiv/regjeringen->

[solberg/aktuelt-regjeringen-solberg/kd/pressemeldinger/2021/utveksling/id2836663/](https://www.regjeringen.no/aktuelt-regjeringen-solberg/kd/pressemeldinger/2021/utveksling/id2836663/)

- Reid-Searl, K., Dwyer, T., Moxham, L., Happell, B. & Sander, T. (2011). Rediscovering the essence of nursing: Exploring the impact of in clinical experience in Thailand for undergraduate nursing students from Australia. *Nurse education today*, 31(8), 892-897.
- Smit, E. M. & Tremethick, M. J. (2013). Development of an international interdisciplinary course: A strategy to promote cultural competence and collaboration. *Nurse education in practice*, 13(2), 132-136.
- Sykepleierforbund, N. (2011). Yrkesetiske retningslinjer for sykepleiere. *Hentet*, 8, 17.
- Tabi, M. M. & Mukherjee, S. (2003). Nursing in a global community: A study abroad program. *Journal of Transcultural Nursing*, 14(2), 134-138.
- Williams, T. R. (2005). Exploring the impact of study abroad on students' intercultural communication skills: Adaptability and sensitivity. *Journal of studies in international education*, 9(4), 356-371.
- Wilson, A. H., Sanner, S. & McAllister, L. E. (2010). A longitudinal study of cultural competence among health science faculty. *Journal of Cultural Diversity*, 17(2).

Vedlegg 1

Utveksling (SK198)

Emnebeskriving for studieåret 2018/2019

Studiepoeng: 10

Fakultet: Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)

Emneansvarleg: Aud Berit Fossøy

Eksamenssemester: Haust/Vår

Stad: Førde

Læringsutbytte: Studenten

- Har kunnskap om kultursensitiv sjukepleie og kan bruke sin faglege kompetanse i ein ny kulturell kontekst
- Har kunnskap om helse, sjukdom og behandling i utvekslingslandet
- Har innsikt og kunnskap om førebygging, behandling og sjukepleie i forhold til infeksjonssjukdommar som malaria, tuberkulose og HIV/ AIDS
- Kan utføre basal hjarte- lungeredning, delta i avansert hjarte- lungeredning og kunne gjennomføre førstehjelp ved skade
- Ha respekt og toleranse for menneske med anna kulturbakgrunn
- Kan diskutere viktige kulturelle utfordringar
- Kan reflektere over og formidle erfaringar, både skriftleg og munnleg

Innhald og oppbygging:

Gjennom praksis i Zambia skal det fokuserast på førebygging av infeksjonssjukdomar, i tillegg til pleie og omsorg av pasientar. Det er eit mål å overføre kunnskapen frå internasjonal praksis til å utøve sjukepleie og å møte medisinske utfordringar i det multikulturelle Norge.

Tema:

- Kultursensitiv sjukepleie
- Infeksjonssjukdomar, sjukdomsforløp, førebygging, smitteoverføring, smittevern og behandling (Zambia)
- Helseutfordringar for studentar på utveksling
- Kulturomgrepet, kulturfilter og kultursensitiv kommunikasjon
- Kultur og helseoppfatning
- Generell førstehjelp og hjarte-/lungeredning
- Samarbeid og konfliktløsning

Undervisnings- og læringsformer: Førelingar Seminar knytt til utvalgte emne Sjølvstudiar Praksis

Presentasjon av erfaringar for medstudentar etter utvekslingsperioden

Undervisningsspråk: Norsk/engelsk

Krav til forkunnskapar: Karakter D eller betre på eksamen emne SK169, SK162 og SK165. Jmf.

Retningslinjer for studentar ved bachelor i sjukepleie.

Vurderingsform: Praksis. Greidd/ikkje greidd

Arbeidskrav:

Frammøte på førelesingar og førebuing til utanlandsopphaldet.

Deltaking på undervisning og øving i generell førstehjelp og avansert hjarte-/lungeredning før utreise.

Praksisstudium, 180 timar.

Arbeidsplan med operasjonalisering av læringsutbytte og skriftleg logg.

Refleksjonsnotat.

Hjelpemiddel ved eksamen: Ingen endring

Tilrådde forkunnskapar: Emne er tilpassa studentar som er tekne opp på studiet bachelor i sjukepleie, HVL, campus Førde.

Exchange (SK198)

Course Description for Year of Study 2018/2019